



Luster Venstre prioriterer:

Omsynet til den enkelte og framtida bestemmer prioriteringane våre. Difor vil Luster Venstre satse på grøn vekst, førebygging og dei unge først. Dette gjer me samtidig med at me legg vekt på desentraliserte og gode tenestetilbod for barnehage, skule, pleie og omsorg.

I samarbeid med næringsliv, lag og organisasjoner og ikkje minst støtte til frivillig arbeid, vil me gjere kommunen attraktiv både for å busetje seg og trivast.

Venstre seier ikkje JA til alt for me vil ha nøktern bruk av vår økonomi og ressursar.

Om du vel å stemme på oss, Sandhya, Jeanette og Venstre vil du støtte eit parti som legg vekt på miljø og menneske, med andre ord framtida vår.



VENSTRE

Framtida tilhører dei unge



- ✓ Venstre vil ha ein sterk offentleg barnehage og skule med SFO. Me vil ha kompetanseheving og gode arbeidsvilkår for dei tilsette i barnehage og skule.
- ✓ Venstre vil gje høve til meir påverknad og ansvar gjennom Ungdommen sitt kommunestyre
- ✓ Framtida sine arbeidsplassar er endå ikkje skapte. Venstre legg vekt på nyetableringar og tiltak med teknologi som gjev grøn vekst (dvs. bruk av fornybare ressursar som til dømes i datalagringssenter)
- ✓ Venstre vil sikra økologisk balanse og biologisk mang-fald. Sikker og trygg mat blir viktigare med framtidige klimaendringar. Dette krev betre jordvern og høg utnyttingsgrad når dyrka mark vert teke i bruk til utbygging
- ✓ Kulturen skal avspeglia mangfald. Kulturarven pliktar me å ta vare på for komande slekter. Frivillige organisasjoner er viktig for kulturtilbod, læring og trivsel. Venstre vil ha auka midlar til nærmiljøtiltak og møteplassar for alle, men særleg for unge

Les heile programmet vårt på:
luster.venstre.no

VENSTRE

Luster Venstre

